















MÅNADSPLAN FOR BRÅTET - FEBRUAR 2012

MÅNDAG	TYS DAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	
		01.	02. 06-gruppe 07-gruppe	03. Smøre sjølv 	V 5
06. Markering av samefolkets dag Lage finnbiff og potetstappe 	07. 06-gruppa tur til Ål bibliotek, me går kl 10.00 	08. 	09.  06-gruppe 07-gruppe	10.  Smøre sjølv 	V 6
13.	14. 07-gruppa tur til Ål bibliotek, me går kl 10.00 	15. Turmix 06-barna: 07-barna: Vi går frå bhg kl 10.00	16. 06-gruppe 07-gruppe	17. Bake fastelavnsbollar Smøre sjølv 	V 7
20. Gardsbesøk 	21. KARNEVAL 	22.	23. 06-gruppe 07-gruppe	24. Smøre sjølv 	V 8
27. Du og jeg og vi to 	28. Du og jeg og vi to 	29. Du og jeg og vi to 	MÅNADENS SPRÅKRÅD: Prat om ord som rimar. Les vers med ord som rimar og legg vekt på rimeorda.		V 9

SEA SIST

Januar starta me med å slukke juletreet og ete ut jula for å markere at no er jula over.

Me har også feira at sola er attende i barnehagen. Den 16. januar hadde me solfest der me song solsongar, pynta barnehagen med soler som barna hadde laga og kledde oss i klede med varme fargar. Heile veka før hadde barna laga ulike solbilete, lese om sola og øvd på songar om sola.

I januar gjekk barna i alderslike grupper til biblioteket, der fekk dei høyre bøker om temaet "vinter". Barna lånte også med seg bøker til barnehagen. Vinter og snø har også vore tema på avdelinga, barna har måla vinterbilete i kalde fargar og klyppt snøkrystallar.

Fleire av barna har vist stor interesse for romskip og verdensrommet den siste tida, det har ført til at me har lånt bøker om verdensrommet og romskip og barna har laga romskip av pappkjegler. Dette er eit tema som me vil jobbe vidare med i tida framover.

Ute har det vore stor aktivitet med snømåking, aking og ikkje minst skiaktivitet. Berntine har hatt med seg mange på skileik i området bak Hallingstugu.

Me har vore på ake- og skitur til skuleparken, der er det flott akebakke med utfordringar til alle og fint område for å gå på ski. Pga kulde vart matpakke og kakao tatt innandørs.

06-barna har starta opp med samling kvar torsdag der det vert arbeidd med skuleførebuande aktivitetar. Dei har jobba med bokstavane A, B, C, D, E, F, G, H, tala opp til 10, legge til og trekke frå. Me har også starta opp med perm imellom samlingane, der arbeider dei med oppgåver knytta til temaet.

Dei er kjempeivrige!!!

07-barna har også møte kvar torsdag. Dei jobbar vidare med temaet "dyrene i Afrika". Dei tek for seg dei ulike dyra og lærer dikt og rim om dei og formar/teiknar/målar- denne månaden har dei hatt giraffen og strutsen.

Som dei fleste sikkert har sett har me fått ein ny medarbeider på Bråtet. Ho heiter Ann-Beate Skavhaug og jobbar måndagar, torsdagar og fredagar.

FEBRUAR 2012

Årets tema: "Me sår forteljingar av alle slag og haustar opplevingar og gleder i lag"

Samisk veke: I samband med samefolkets dag dem 6. februar, har vi samisk veke.

Mål: *Barna skal bli kjent med at samane er urfolket i Norge. Barna skal få kjennskap til samiske forteljingar/segner og ulike sider ved den samiske kulturen*

I samband med samefolkets dag brukar me flagg, bøker, lyttar til joik, ser bilete og les bøker m.m

Turmix i alderslike grupper: 15. februar er det turmix i alderslike grupper saman med Stugubarna.

Det kjem nærare info om turen.

Me går kl 10.00 – kom i god tid og godt kledd for tur.

Bibliotekbesøk: 7. februar går 06.gruppa til biblioteket, 14. februar går 07-gruppa til biblioteket. Me går frå barnehage kl 10.00

Gardsbesøk: 20. februar er me invitert på gardsbesøk heime hjå Nils Ola, me vil bruke maxi-taxi og ein privatbil til transport. Det kjem meir info om denne dagen seinare.

Karneval: 21. februar er det karneval i barnehagen. Barnma kler seg ut og me har fest med teaterforestilling med dei vaksne, filmframsyning, pølserkiosk m.m Meir info om denne dagen kjem. **Hugs å møte opp i barnehagen seinast 09.30.**

Du og jeg og vi to:

07-barna: Temasamling 11: Da nesten alle dro på oppdagelsesferd

Mål: Barna skal rive seg med i leiken, kome med forslag og samarbeide

06-barna: Temasamling 18: Klart Trine tør

Mål: barna skal lære å oppmuntre kvarandre-

ME YNSKJER ALLE EIN RIKTIG FIN FEBRUAR MÅNAD